

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
NO-0030 Oslo

Dato: 27.11.2015
Dykkjar
ref.: 14/1538
Vår ref.: 2014/1177 JANUN

Statstilskot for 2015 til Norsk Ordbok

Vi viser til brev dagsett 10.11.14 om Statstilskot 2015 til Norsk ordbok og til tidlegare korrespondanse i saka.

Då det blei søkt om midlar til brukarrettleiing for Norsk ordbok i januar 2014, var situasjonen for prosjektet annleis enn den er nå. Som departementet er kjent med, blei prosjektet forsinka i slutfasen, fordi mange av prosjektmedarbeidarane fann seg nytt arbeid. Dette førte i neste omgang til at svært få kvalifiserte leksikografar blei att ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium. Dei som var att, har arbeidd for fullt for å få ferdig band 12 av ordboka. Etter 1. desember er det ved instituttet dessverre ikkje fagfolk att til å få laga brukarrettleiinga. I og med at andre som i kraft av kvalifikasjonane sine kunne ha gjort denne jobben, no er i fast arbeid andre stader, er heller ikkje desse aktuelle for eit kort engasjement for å lage rettleiinga.

På bakgrunn av dette må instituttet dessverre halde fast ved at det ikkje er i stand til å oppfylle dei forpliktelsane som er knytte til utarbeiding av ei brukarrettleiing.

Instituttet kan ikkje sjå at det har mandat til å gi dette oppdraget vidare til ein ekstern aktør. Til departementets orientering vil vi likevel nemne at instituttet fleire gonger i 2015 har vore i kontakt med Det Norske Samlaget ved direktør Edmund Austigard for å høyre om det kunne vere grunnlag for ei løysing der forlaget kunne ta på seg denne oppgåva på direkte oppdrag frå departementet. ILN er også kjent med at Samlaget har vore i kontakt med departementet i denne saka, utan at vi er kjent med kor mykje ein då fekk avklart.

For ordens skuld gjer vi departementet merksam på at styret for prosjektet NO2014 no er oppløyst, i tråd med vedtektene, §1, som seier at "[f]unksjonstida er fram til verket er slutført (2014)"

Med helsing

Andreas Sveen
fungerande instituttleiar

Jan Halvor Undlien
administrativ leiar



Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Postadr.: Postboks 1102 Blindern, 0317
OSLO
Kontoradr.: Henrik Wergelands hus, 1. et.,
Niels Henrik Abels vei 36, 0313 OSLO

Telefon: 22 85 62 27
Telefaks: 22 85 71 00
postmottak@hf.uio.no
<http://www.hf.uio.no/iln/>
Org.nr.: 971 035 854

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Sakshandsamer:

Jan Halvor Undlien

+4722856747, j.h.undlien@iln.uio.no